

# Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2022



## DUGNAD RUNDT KYRKJA

**Torsdag 28. april kl. 18.00.** Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Enkel bevertning.

## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved innkjørsla di slik at det er lett å finne. Vi kører rundt og samlar inn:

**Mondag 2. mai kl 17.00**



## DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

**Onsdag 4. mai kl. 18.00.** Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindaug o.s.v.



## SØPPELPLUKKING/TRIM

**Mondag 9. mai kl. 18.00.** Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegane i bygda. Ta med hanskar.

Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL

## RUSKENAKSJONEN 2022

**Mondag 9. mai kl. 16.00 - 19.00.** Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøll/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.

# 17. MAI I FJÅGESUND



## Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Møyfrid Lunde. Offr. til Blå Kors Norge

## På grendehuset etter messa:

- Leikar og konkurransar
- Sal av mat og drikke

Arr. Fjågesund grendehuslag



## M/S HENRIK IBSEN

kjem **onsdag 18. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.

## M/S VICTORIA

kjem **torsdag 19. mai**. Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.





# SYKKELTUR

Laurdag 28. mai.

Telemarks Kanalrittet er lagt ned, men det blir ein sykkelstur frå skulen til Hjørtursplass. Her blir det matstasjon. Trekning av premiar. Dei som vil kan også sykle til Kviteseid. Start frå skulen kl. 11.00. For info kontakt Gunn mobil: 976 89 377.



## TUR TIL UTSIKTEN HOLMVATN

Laurdag 4. juni kl. 11.00.

Parkering ved Knarrstøgo. Oppmøte ved bommen. Moglegheit for å bruke bil, for dei som må det.

Arr. Fjågesund IL



Frå venstre: Thomas Lauvstad, Torjus Sørensen, Thomas Flom, Jørgen Østenå, Kristoffer Haugan, Waldemar Fjågesund

## UT PÅ TUR 2022

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål. Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerar turane dine er snart å finne på [fjaagesund.no](http://fjaagesund.no). Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekk ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane.

Du må registrere turane dine før 20. september. God tur!

# MØTESTAD FJÅGESUND

I redskapshuset til Aud Turid og Trond ved vegen ned til fjågesundbrygga, blir det i sommar rigga til salsboder i den eine porten. Det blir stand for bla. idrettslaget, der det blir sal av lopper, kaffe etc. Har du lopper du vil gje til laget takkar me for det. Du er også velkomen til å lage din eigen private stand og selgje det du vil der. Det er lagt opp til kontantkasse/VIPPS. Det blir sjølvbetjening men det er topp hvis nokon vil "stå bak disken". Nytt i år er ei aktivitetsløype/natursti rundt med Haugan med ein stikkveg ned "Post-stien". Post-stien er snarvegen dei bruka frå posthuset på Haugan når dei skulle hente posten som kom med båten frå Skien.

## ETTERLYSING!



illustrasjonsfoto

Eg restaurerar nå ein 1943 Indian 741 B motorsykel. Far min Olav Skræi kjøpte den i 1977, av Johan Gravir. Denne vart fyrste gong registrert i Oslo 17 juni 1947, A 30036, og selt til Olav Berge i Morgedal i 1952, med skiltnummer H 1908. Hausten 1955 vart den selt til Fjågesund og Johan Gravir. Det manglar nokre delar, som speedometer, eksosanlegg, bakljøs og støtte. Kan eg ha så flaks at nokon kan ha dette liggande, så er eg villig til å strekkje meg langt for å få kjøpt dette. Seiste åra sto den parkert bak stabburet på Rue. Er det nokon som har foto eller ana informasjon om den, må dei gjerne ta kontakt med meg. Eg har eit album på mi facebookside, der dei som vil kan følge restaureringa.

Tarjei Skræi , Seljord  
tlf 95721369 / tarjei.skraei@gmail.com

Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)

Fjågesund IL er på Facebook